



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Adresseliste

Vår dato: **21 MAR 2011**

Vår ref.: NVE 200709507-6, 200709508-5,
200709509-4, 200709510-4 ki/ebth

Arkiv: 312/086.11

Dykkar dato: Mars 2011

Dykkar ref.:

Sakshandsamarar:

Eirik Bjerke Thorsen 22 95 93 80

Frank Jørgensen 22 95 94 31

Svelgen Kraft AS – Søknad om løyve til å byggje Maridalselva, Mørkedalselva, Oladalselva og Sagedalselva kraftverk i Sjørgulen, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane – Høyring

NVE har motteke fire søknader frå Svelgen Kraft AS, datert mars 2011, om løyve til å byggje Maridalselva, Mørkedalselva, Oladalselva og Sagedalselva kraftverk i Bremanger kommune. Søknadene skal handsamast samtidig. NVE ynskjer at høringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla.

Maridalselva kraftverk – Svelgen Kraft AS – Bremanger

Maridalselva kraftverk vil nytte eit fall på 365 meter i Maridalselva. Inntaket er planlagd på ca. kote 380, om lag 200 meter nedstrøms utløpet frå Sjørgulevatnet. Kraftstasjonen skal ligge på kote 15, ca. 600 meter frå utløpet i fjorden (Sjørgulen). Vassvegen er planlagd nedgrave langs vestsida av elva og vil få ei lengde på 1450 meter. Det er trong for å byggje ny veg til kraftstasjonen frå fylkesveg 577, denne vil få ei lengde på 600 meter. Langs vassvegen vil det også bygd veg som er farbar etter utbygging, og denne vil verte om lag 2500 meter lang. Middelvassføringa er på 0,52 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1,05 m³/s. Med ein installert effekt på 3,1 MW vert det ein årleg produksjon på ca. 11,8 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1550 meter lang strekning av Maridalselva. Det er ikkje planlagd slepp av minstevassføring frå inntaket.

Mørkedalselva kraftverk – Svelgen Kraft AS – Bremanger

Mørkedalselva kraftverk vil nytte eit fall på 339 meter i Mørkedalselva. Inntaket er planlagd på ca. kote 358 i Mørkedalsvatnet, og kraftstasjonen skal ligge på kote 20, om lag 120 meter frå utløpet i fjorden. Det er planlagd å regulere Mørkedalsvatnet 1,5 meter ved oppdemming. Ved flomoverløp vil vassstanden kunne stige ytterlegare 0,5-1 meter over HRV. Vassvegen er planlagd nedgrave langs sørsida av elva og vil få ein lengde på 1500 meter. Det er trong for å byggje om lag 150 meter veg frå fylkesveg 577 til kraftstasjonsområdet. I tillegg vil det bli bygd veg langs vassvegen med total lengde på om lag 1500 meter. Middelvassføringa er på 0,28 m³/s, og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 0,6 m³/s. Med ein installert effekt på 1,6 MW vert det ein årleg produksjon på ca. 6,1 GWh. Utbygginga vil

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Drammensveien 211
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50

føre til redusert vassføring på ei 1560 meter lang strekning av Mørkedalselva. Det er ikkje planlagd slepp av minstevassføring frå inntaket.

Oladalselva kraftverk – Svelgen Kraft AS – Bremanger

Oladalselva kraftverk vil nytte eit fall på 265 meter i Oladalselva. Inntaket er planlagd bygget ved utløpet av Olavatnet på kote 280, som også skal regulerast opp og ned 0,7 meter med LRV på kote 279,3 og HRV på kote 280,7. Ved flomoverløp vil vasstanden kunne stige ytterlegare 0,5 meter over HRV. Vassvegen er planlagd nedgrave langs nordsida av elva og vil få ei lengde på 1470 meter. Kraftstasjonen vil ligge ca. 300 meter i luftline frå fylkesveg 577 og skal sikrast vegforbindelse via eksisterande jordbruksveg og vidare ca. 200 meter sørover til kraftstasjonen, alternativt via egen veg frå fylkesvegen langs elva ca. 300 meter. Eksisterande skogsbilveg vil nyttast til arbeid med vassvegen. I tillegg er det trong for ca. 200 meter ny veg ved kraftstasjonsområdet og nokon hundre meter ny veg til inntaksområdet. Middelvassføringa er på 0,54 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1,1 m³/s. Med ein installert effekt på 2,3 MW vert det ein årleg produksjon på ca. 9 GWh. Utbygginga er planlagd utan slepp av minstevassføring.

Sagedalselva kraftverk – Svelgen Kraft AS – Bremanger

Sagedalselva kraftverk vil nytte eit fall på 426 meter i Sagedalselva. Inntaket er planlagd bygget ved utløpet av Sagevatnet på kote 444, som også skal regulerast mellom LRV på 443,5 og HRV på 445. Kraftstasjonen skal ligge på ca. kote 18, om lag 250 meter frå utløpet i fjorden. Vassvegen er planlagd i dagen de øvste ca. 700 metrane og nedgrave de nedste ca. 740 metrane. Det er eksisterande traktorveg frå fylkesveg 577 til kraftstasjonsområdet. Denne må oppgraderast noko. I tillegg er det planlagd veg langs vassvegen. Middelvassføringa er på 0,19 m³/s, og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 0,40 m³/s. Med ein installert effekt på 1,34 MW vert det ein årleg produksjon på ca. 4,75 GWh. Utbygginga er planlagd utan slepp av minstevassføring.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av dei fire kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknadene skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadene med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og dei vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknadene, kan de kontakte Per Helge Eikeland på tlf. 57 79 61 81 eller e-post: per.helge.eikeland@sfe.no.

NVE ber Bremanger kommune leggje to eksemplar av alle søknadene ut til offentleg ettersyn på rådhuset fram til **14.06.2011**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **14.06.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Eirik Bjerke Thorsen
overingeniør

Vedlegg: 4 Søknad til kommunen
Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Adresseliste

Adresseliste for: Bygging av Maridalselva, Mørkedalselva, Oladalselva og Sagedalselva kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Firdaposten, Fjordenes tidende og Bremanger Budstikke

Tal på søknadar	Namn/adresse
3	Bremanger kommune, rådhuset, Postboks 104, 6721 SVELGEN
	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6963 LEIKANGER
	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
	Sogn og Fjordane Energi, Bukta, 6823 SANDANE
	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane, Postboks 365, 6802 FLORØ
	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane v/Hans Christian Hansen, Trolladalen 3G, 6856 Sogndal
	NJFF – Sogn og Fjordane, Tygg, 6823 SANDANE
	Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6810 FØRDE
	Statens vegvesen Region midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
	Norges padleforbund, Serviceboks 1 Ullevål stadion, 0840 Oslo
1	KM /IAS
1	KD/OMØ
1	ER/SHS



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW), og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjevne av Kongen i statsråd.

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søklar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/ høgspenst overføringsanlegg, vil NVE gje naudsynt energikonsesjon samstundes med løyve til bygging av kraftverket. Dei fleste høgspentanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

Kva vert forventet av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunngjevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggje vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde. Det skal gjerast greie for tiltaket sin status og mogeleg konfliktnivå i fylkesdelplan for småkraftverk, om det er utarbeidd ein slik plan.

Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgivinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon:

www.nve.no/konsesjonssaker.

- KUNNGJERING -

Svelgen Kraft AS – Søknad om løyve til å byggje Maridalselva, Mørkedalselva, Oladalselva og Sagedalselva i Sørgulen i Bremanger kommune

NVE har motteke fire søknader frå Svelgen Kraft AS om løyve til å byggje Maridalselva, Mørkedalselva, Oladalselva og Sagedalselva kraftverk i Bremanger kommune.

Maridalselva kraftverk vil nytte eit fall på 365 meter i Maridalselva. Inntaket er planlagd på ca. kote 380, om lag 200 meter nedstrøms utløpet frå Sørgulevatnet. Kraftstasjonen skal ligge på kote 15, ca. 600 meter frå utløpet i fjorden (Sørgulen). Vassvegen er planlagd nedgrave langs vestsida av elva og vil få ei lengde på 1450 meter. Det er trong for å byggje ny veg til kraftstasjonen frå fylkesveg 577, denne vil få ei lengde på 600 meter. Langs vassvegen vil det også bygd veg som er farbar etter utbygging, og denne vil verte om lag 2500 meter lang. Middelvassføringa er på 0,52 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1,05 m³/s. Med ein installert effekt på 3,1 MW vert det ein årleg produksjon på ca. 11,8 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1550 meter lang strekning av Maridalselva. Det er ikkje planlagd slepp av minstevassføring frå inntaket.

Mørkedalselva kraftverk vil nytte eit fall på 339 meter i Mørkedalselva. Inntaket er planlagd på ca. kote 358 i Mørkedalsvatnet, og kraftstasjonen skal ligge på kote 20, om lag 120 meter frå utløpet i fjorden. Det er planlagd å regulere Mørkedalsvatnet 1,5 meter ved oppdemming. Ved flomoverløp vil vasstanden kunne stige ytterlegare 0,5-1 meter over HRV. Vassvegen er planlagd nedgrave langs sørsida av elva og vil få ein lengde på 1500 meter. Det er trong for å byggje om lag 150 meter veg frå fylkesveg 577 til kraftstasjonsområdet. I tillegg vil det bli bygd veg langs vassvegen med total lengde på om lag 1500 meter. Middelvassføringa er på 0,28 m³/s, og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 0,6 m³/s. Med ein installert effekt på 1,6 MW vert det ein årleg produksjon på ca. 6,1 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1560 meter lang strekning av Mørkedalselva. Det er ikkje planlagd slepp av minstevassføring frå inntaket.

Oladalselva kraftverk vil nytte eit fall på 265 meter i Oladalselva. Inntaket er planlagd bygget ved utløpet av Olavatnet på kote 280, som også skal regulerast opp og ned 0,7 meter med LRV på kote 279,3 og HRV på kote 280,7. Ved flomoverløp vil vasstanden kunne stige ytterlegare 0,5 meter over HRV. Vassvegen er planlagd nedgrave langs nordsida av elva og vil få ei lengde på 1470 meter. Kraftstasjonen vil ligge ca. 300 meter i luftline frå fylkesveg 577 og skal sikrast vegforbindelse via eksisterande jordbruksveg og vidare ca. 200 meter sørover til kraftstasjonen, alternativt via egen veg frå fylkesvegen langs elva ca. 300 meter. Eksisterande skogsbilveg vil nyttast til arbeid med vassvegen. I tillegg er det trong for ca. 200 meter ny veg ved kraftstasjonsområdet og nokon hundre meter ny veg til inntaksområdet. Middelvassføringa er på 0,54 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1,1 m³/s. Med ein installert effekt på 2,3 MW vert det ein årleg produksjon på ca. 9 GWh. Utbygginga er planlagd utan slepp av minstevassføring.

Sagedalselva kraftverk vil nytte eit fall på 426 meter i Sagedalselva. Inntaket er planlagd bygget ved utløpet av Sagevatnet på kote 444, som også skal regulerast mellom LRV på 443,5 og HRV på 445. Kraftstasjonen skal ligge på ca. kote 18, om lag 250 meter frå utløpet i fjorden. Vassvegen er planlagd i dagen de øvste ca. 700 metrane og nedgrave de nedste ca. 740 metrane. Det er eksisterande traktorveg frå fylkesveg 577 til kraftstasjonsområdet. Denne må oppgraderast noko. I tillegg er det planlagd veg langs vassvegen. Middelvassføringa er på 0,19 m³/s, og kraftverket er planlagd med ei maksimal

slukeevne på 0,40 m³/s. Med ein installert effekt på 1,34 MW vert det ein årleg produksjon på ca. 4,75 GWh. Utbygginga er planlagd utan slepp av minstevassføring.

Søknadene vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknadene med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på rådhuset og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Per Helge Eikeland på tlf.: 57 79 61 81 eller e-post: per.helge.eikeland@sfe.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **14.06.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.